

Grunneiere/rettighetshavere

Vår dato: 21.03.2022

Vår ref.: 201703336-164 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Løyver til å bygge ein ny luftleidning med traséjusteringar på strekninga Ølen-Våg-Bratthammar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag godkjent miljø-, transport- og anleggsplanen (MTA) frå Fagne AS for bygging av ein ny ca. 36 km lang 66 (132) kV kraftleidning (dobbelkurs) på strekninga Ølen-Våg-Bratthammar. NVE har samstundes fatta vedtak om å gje Fagne AS anleggskonsesjon og oreigningsløyve til å byggje og drive leidninga med traséjusteringar. Anlegget ligg i Vindafjord og Tysvær kommunar i Rogaland fylke.

Vedtak om godkjenning av MTA, konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet og notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag er tilgjengelege på www.nve.no/4729/A.

Vi viser til notatet «Bakgrunn for vedtak» av 16.06.2020 for ei nærare vurdering av heile leidningstraseen og notatet «Bakgrunn for vedtak» av i dag for vår vurdering av traséjusteringane.

NVE vurderer at traséjusteringane er avgrensa i omfang og ikkje får nye og vesentlege konsekvensar for private og allmenne interesser. Justeringane vil redusere inngrepa i registrerte naturtypar og myrområder samanlikna med opphøveleg konsesjongitt løysning.

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett eller utviding av eksisterande bruksrett i kraftleidningstraseen, og bruksrett til riggplassar og åtkomstveger.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til www.einnsyn.no, eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

**Klage**

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Lars Hagvaag Seim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Grunneiere/rettighetshavere



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.